

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
25. 10. 2016	
Ark. saksnr. 16/1439	Løpenr.
Sakstr.	Tilgangskode

Lindås, 22. okt. 2016

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Att.: Plan- og miljøutval

**Vedr. sak 96/16 gnr. 110 bnr. 7 Syslak.**

Viser til vedtak i Plan- og miljøutvalet av 06.09.2016, ref. nr. 16/1439 og 16/23811 der kommunen gav løyve til frådelling av 600 kvm grunn med føremål to nausttomtar.

Eg er gjort kjend med at Fylkesmannen har klaga på dette vedtaket, jfr. brev av 05.10.2016 med ref. 2016/7186 421.2, med grunngeving at arealet er vesentleg større en det som trengst for to nausttomtar.

Etter hyggeleg telefonsamtale med sakshandsamar på fylket, Christian Johan Alstad, fekk eg inntrykk av at Fylkesmannen kan vera villig til å trekkja klagen dersom omsøkt areal vert redusert til ein storleik som er rimeleg for to vanlege nausttomtar.

Eg har derfor på vedlagt kartutsnitt teikna eit framlegg til tomtegrenser og mogeleg plassering av to naust inntil maksimal storleik, 40 kvm. Tomtane vil då verta 117 kvm og 133 kvm. Dette er litt meir enn ein tredjedel av først omsøkt areal, og er etter mi meining det minste areal som ein kan skilja frå dersom det skal vera mogeleg å utnytta tomtane til føremålet, omsyn teke til arealet si form og terreng. Det går klårt fram av skissa at det ikkje vil vera mogeleg å plassera meir enn eit naust på kvar av tomtane. Tilkomst vert etter avtale med grunneigar, og det som før er sagt om bruksrett til veg og parkering står ved lag.

Eg ber derfor om at korrigert søknad vert behandla og sendt tilbake til fylket med ønskje om at dei fråfell klagen.

Med helsing

*Alfred Syslak*

Alfred Syslak  
Veråsvegen 434  
5955 Lindås

Vedlegg: Kartutsnitt/skisse